

# Årsmelding 2012

## Barneidretten i Dale Idrettslag

### Styret:

Leiar: Oddvar Alværen (Valt i 2011)

Medl: Mari Kyrkjebø (Valt i 2011)

Medl: Marit Gudmundsos (Valt i 2012)

Styret har hatt eit møte, og jamnleg telefonisk kontakt.

### Organisering:

Barneidretten har i år vore organisert i to grupper, Idrettsskule for førskuleborn og 1.klasse samt Alltrening/Turngruppe for 2. og 3. klasse.

### Idrettskulen:

Her har det vore ca. 25 aktive born. Treningane har stort sett vorte leia av elevar ved Dale VGS. som har hatt dette som valfag. Dei igjen har vore rettleia av lærarar ved skulen.

Treningstida har vore onsdag 17-18 i Fjalerhallen, med unntak av tre onsdagar med bading på Hauglandssenteret. Aktivitetane på denne treninga har vore ein god miks av leik og trening.

### Alltrening:

Her har det vore i underkant av 20 aktive born. Grunna liten interesse for denne treninga dei siste åra, valde vi i år å satse litt meir spesifikk. Ein av voluntørane, Luis Alves, har bakgrunn innan turn/sportsgymnastikk og viste stor interesse for å få til ei slik gruppe i Dale. Dette har vist seg å være svært vellykka. Her har i tillegg Mari Kyrkjebø, Kristin Kyrkjebø og Marit Gudmundsos vore delaktig på treningane. Treningstida har vore onsdag 18-19 i Fjalerhallen.

Begge treningane vert starta opp etter hausferien og avslutta rett før påske.

Dale, 24.02.13

Oddvar Alværen